

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bømlo

Emne: FOLKEMEDISIN.

Bygdelag.

Oppskr. av: Johs. Tvedt

Gard: Vorland

(adresse): Bømlo

G.nr. 59 Br.nr. 36

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR
Husråd - Kjerringråd .

1. Nei, det kan eg ikkje seia.
2. Kva dei visste er noko - men kva dei trudde å vita er noko anna. Det eg veit er at mot smitte brukte svært mange kamfer-brennevin (Brennevin med kamfer eller kamferdråpar i).
Der var og dei som drak litt urin. Den berømte $\frac{1}{2}$ fl. brennevin mot spanskesykja etter fyrst verdskrigen er vel kjend. Folk som aldri hadde kjøpt brennevin kjøpte då, for å vergja seg mot smitten.
3. Nei, til vanleg hadde ein ikkje medisiner på lager . Det kunne vært litt Nafta, Hofmannsdråpar, borsyra, Karbolvatn, men først og sist Kamferbrennevin.
4. Nei, garda-storleiken hadde ikkje noko med det å gjera. Det var personar som trudde på medisin, som kunne ha noko på lager.
5. Ja, folk var mykje hjelpsame med einannan. Jordmora hjelpte også. Presten kom ikkje i "betraktnings".
6. Tjøra brukte ein lite på folk, men derimot vart det alltid brukt på hestar, som hadde reve seg på fot eller fått hol på skinnet andre stader. Det var utmerka medisin. Eg har sjølv bruka brun-tjøra på hest. (Den svarte kulttjøra var farlig. Den brann (etsa).
7. Nei, ikkje det eg veit.
8. "
9. Det var ingen som samla stoffer, dei kjøpte medisin på apotek.
10. Ukjent.
11. Ja, alt vart kjøpt på apotek.
12. Nei, ikkje det eg veit. Eg har svara på emne nr.43.
13. Det var helst munnleg.
14. Det vart sagt at det var doktorbøker, men eg har ikkje hørt namn på nokon som hadde dei.
15. Eg veit at om nokon hadde fåt store sår, så kunne ein få dei til å gro -og dei grodde fint- ved å ha på usalta ku-smør irørt sukker (farin).

II. Bygdelækjarar .

A. Lækjarane.

16. Eg kjenner ikkje til at korkje menn eller kvinner dreiv særleg rasjonell lækjarverksemd i Bømlo. Ein mann kunne taka blod og setja iglar på folk. Og ei kvinne hjelpte barsengskoner, men ellers var her ikkje noko lækjarverksemd.

17. Nei, korkje gards-storleik eller ætt talde her. Det var folk med interesse og godt vet.
 18. Ja, det var innflyttarar som tok blod.
 19. Nei, det var folk med livsrøynslå, og som litt etter litt hadde vunne folks tiltru.
 20. Det kunne og henda.
 21. Ingen tala om medfødt givna. Og at born viste slike evner er ikkje kjent.
 22. Ja, det kunne det.
 23. Nei, yrkje var ikkje tale om. Det var berre når nokon trøng hjelp.
 24. Pengar vart aldri forlangt. Men det ble gitt likevel Helst varer (smør, ost, egg, ull o.s.b)
 25. Nei, sovore samarbeid er ukjent.
 26. Sjølvsagt vart dei kritiserte, når dei råder dei gav ikkje hjelpte.
 27. Ikkje det eg veit.
 28. Kan eg ikkje svara på.
- B. Lækjeråd og lækjecuruar.

29. Det kunne vera so ymse: Lækjesblad, iglar, vatn o.m
 30. Det hende nok, men ikkje til vanleg.
 31. Iglar hadde dei på flasker. Og det dei kjøpte på apotek let dei stå på glasa.
 32. Ja, det vanlege var at dei kjøpte på apotek.
 33. Gryte og morter.
 34. Nei, det kjenner eg ikkje til.
 35. Ja, det var det - særleg ved bryst- og magesjukdomar. Det vanlege var at dei drakk sovore vatn.
 36. Nei, det måtte vera friskt vatn.
 37. Ja, det hende. Kornbrennevin med kamfer.
 38. Nei, nokon særleg kjend veit eg ikkje om.
 39. Eg trur det var smått med utstyr, for ved tannuttrekk vart det brukta ei nebbtang - eller vanleg knipetang.
 40. ?
 41. Nei, det veit eg ikkje.
 42. Ja, det gjorde dei.
 43. Dei hadde eit jarn (likna eit hoggjarn) og sugetingest (røyr) av horn.
 44. Ja, det gjorde dei, men somme stader fann dei iglar i tjørnar.
 45. Egentlege spesialistar er her ikkje opplysningars om.
 46. Ja, det hende
 47. Det veit eg ikkje.
 48. Ikkje det eg veit.
- C. Lækjebøker.

49. Eg kjenner ikkje til at dei hadde sovorne bøker.
50. Veit ikkje.
51. Nei, framande språk kunne dei ikkje.
52. ?
53. ?

..... mmmmmmmmm

15978